



NVS RAPPORT 26/2019

# ÅRSMELDING 2017 OG 2018

*GPS-merkeprosjektet i Setesdal-  
Austhei og Brattefjell-Vindeggen*



Lena Romtveit

”Det er viktig for Norge og en internasjonal forpliktelse - å ta vare på den europeiske villreinen og verdiene den representerer. Men hva er det egentlig vi skal ta vare på?

Villrein er ikke bare dyret villrein, men også det brede spekter av økologiske og kulturelle prosesser som vi forbinder med arten som i titusener av år var en nøkkelressurs i europeisk kultur.

En villrein er en villrein når den kan leve i flokker som streifer over store områder, bruker varierte beiteområder og er en del av menneskers opplevelse og høsting”.

Andersen, R. & Hustad, H. (red.) 2004. Villrein & Samfunn. En veiledning til bevaring og bruk av Europas siste villreinfjell. NINA Temahefte 27,80 s.

Romtveit, L.. 2019. Årsmelding 2019 GPS-merkeprosjektet i Setesdal-Austhei og Brattefjell-Vindeggen. NVS Rapport 26/2019. 24 s.

Forsidefoto: © Lena Romtveit

**Norsk villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 91 62 37 15 | E-post: [post.nord@villrein.no](mailto:post.nord@villrein.no)

**Norsk villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 99 46 37 64 | E-post: [post.sor@villrein.no](mailto:post.sor@villrein.no)

Stiftelsen Norsk villreinsenter: NO-2661 Hjerkin

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

## Forord

GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Austhei og Brattefjell-Vindeggen er eit 5-årig prosjekt frå 2018 til 2022. Prosjektet har eit hovudfokus på å lære meir om villreinens bruk av skog og beitepreferansar i skog og skjer i eit tett samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge, avd. Bø. Prosjektet følgjer også opp viktige problemstillingar og fokusområde ved Bjørnevattn i Setesdal-Austhei, som blei sett fokus på i det fyrste GPS-merkeprosjektet i Setesdalsheiane (2006-2010) som dekte både Setesdal-Vesthei og Setesdal-Austhei.

Denne fyrste årsmeldinga oppsummerer aktiviteten i prosjektet frå initiativet i 2017 og gjennom oppstartsåret 2018, samt delar av 2019 då rapporten er sterkt forsinka. Då Norsk villreinsenter Sør (NVS) er sekretariat for prosjektet er årsmeldinga skriven som ein del av NVS sin rapportserie.

Skinnarbu 19.12.19, Lena Romtveit

## Samandrag

Etter mykje førebuingar og drøftingsmøte i arbeidsgruppa for nytt villreinprosjekt i Setesdal-Austhei og Brattefjell-Vindeggen, blei det sendt ut invitasjon til deltaking i nytt prosjekt den 8. november 2017. Det fyrste formelle møtet i prosjektet blei halde på Skinnarbu i 2018 og styringsgruppe og arbeidsgruppene blei endeleg konstituert i februar 2019. GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Austhei og Brattefjell-Vindeggen har eit overbyggande mål om å lære meir om reinens bruk av skogsareal gjennom året og beitepreferansar i skog. I tillegg er det eit sterkt fokus på oppfølginga av utviklinga og villreintrekket over Fv45 ved Bjernevatn og ferdsel i nordområdet.

Prosjektet er breitt ihopsett med 3 ulike arbeidsgrupper i tillegg til styringsgruppa, som er under leiing av Fylkesmannen i Vestfold og Telemark ved Elisabet Rui. Forskingsarbeidet på reinens beitepreferansar i skog, leiast av Universitetet i Sørøst-Norge, ved Jan Heggenes og PhD-stipendiat Marijanne Holtan.

Etter at instrumenteringa av villrein blei utsett frå vinteren 2018 til 2019, som følge av utfordringane med ising på sendarane på merka rein i Nordfjella, fekk ein endeleg merka totalt 8 simler den 19. mars 2019. Det blei merka 4 simler i kvart område, derav 1 med kamera i kvart område.

Prosjektet fekk ikkje fullfinansiering til høgaste ambisjonsnivå i oppstartsåret 2018. Det blei løyvd totalt kr 902.600,- av totalt omsøkt kr 1.265.000,-. Som følgjande av lågare finansiering enn ynskt i 2018, er det sendt søknad om totalt kr. 625.000,- til ulike bidragsytarar i 2019. Mesteparten av utgiftene til prosjektet i 2018 er knytt til innkjøp av radiosendarar og timekostnader.

I 2019 vil har det vore fokus på å få alle arbeidsgruppene godt i gang, samt datainnsamling og oppfølging av merka dyr i felt.

Prosjektleiinga er ihopsett av fagleg leiing ved Olav Strand (Norsk insitutt for naturforskning, NINA), leiar av styringsgruppa Elisabet Rui (Fylkesmannen i Vestfold og Telemark) og sekretariat ved Lena Romtveit/Anders Mossing (Norsk villreinsenter Sør, NVS).

## Innhold

<b>FORORD</b> .....	<b>4</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>5</b>
<b>BAKGRUNN</b> .....	<b>7</b>
<b>PROSJEKTAKTIVITET 2017</b> .....	<b>8</b>
<b>PROSJEKTAKTIVITET 2018</b> .....	<b>8</b>
Administrasjon og møteverksemd.....	8
Radiomerking og søknadar .....	9
<b>ØKONOMI</b> .....	<b>10</b>
Budsjett og søknad .....	10
Inntekter og bidragsytarar .....	11
Utgifter .....	12
Oppsummering: .....	14
<b>MERKING OG DATAINNSAMLING 2019</b> .....	<b>15</b>
<b>AKTIVITET 2019</b> .....	<b>16</b>
Oppfølging av merka dyr i felt.....	19
Datainnsamling og analysar.....	19
Arbeidet i arbeidsgruppene.....	19
Søknad 2019.....	20
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>21</b>

## Bakgrunn

I November 2017 sendte Norsk villreinsenter og Fylkesmannen i Agder på vegne av ei arbeidsgruppe ut eit invitasjonsbrev til deltaking i eit nytt villreinprosjekt i Setesdal-Austhei og Brattefjell-Vindeggen. Brevet gjekk til alle aktuelle instansar i kvart av dei to områda, som kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, kraftregulantar, Statnett og Statens vegvesen, samt lokale villreinutval og villreinnemnder. Initiativet kom mellom anna gjennom trongen for å følgje opp utviklinga i området ved Bjørnevatn og villreintrekket i dette området, samt ein aukande ferdsel og aktivitet inn i dei viktige vinterbeiteområda nord på Austheia. Vidare, og ikkje minst, såg ein også ein trong for å lære meir om reinens arealbruk og beitepreferansar i skogområde. Ein har gjennom tidlegare prosjekt og erfaringar lært at reinen i Setesdal-Austhei nyttar mykje skogsareal frå kalving og utover sommaren og hausten. Dette var også ei særskilt relevant problemstilling i Brattefjell-Vindeggen, noko som mellom anna har medført utfordringar i bestandsforvaltninga og gjennomføringa av teljingar og jakt.

Universitetet i Sørøst-Norge, gjennom fagmiljøet i Bø, har over mange år arbeidd med beitekartlegging og kunnskap på dette feltet, både i Setesdal-Austhei og i Brattefjell-Vindeggen. Det blei difor naturleg å gå inn i eit tett samarbeid med dei om å auke kunnskapen om reinens bruk av skog i desse to områda. Med bakgrunn i dette, saman med tilsvarende datainnsamling i Rondane Sør, fekk Norsk institutt for naturforskning godkjent av Forsøksdyrutvalet (FdU) i Mattilsynet eit støre overbyggande prosjekt på villrein sin bruk av skogområde og beitepreferanse i skog. Dette gav grunnlaget for GPS-merking i desse tre områda, med bruk av kamera på nokre av sendarane. Det er då særleg dokumentasjonen ein får med kamera, av reinens beitepreferansar som er nytt og dannar grunnlaget for desse nye undersøkingane.

Instrumenteringa av rein med GPS-sendarar og kamera var i fyrste rekke planlagt gjennomført i 2018, men blei utsett til vinteren 2019, etter fleire tilfelle med ising på tilsvarende sendarar i Nordfjella vinteren 2018. Dette medførte stopp i all merking det året, inntil materiell og metodikk var gjennomgått for å hindre at slike ting skulle oppstå igjen.

Vinteren 2018 blei det likevel halde eit oppstartsmøte i prosjektet, for å etablere ei prosjektgruppe og planlegge aktiviteten framover. Det blei då avgjort å ha eit interimstyre fram til alle avklaringar var på plass og deretter konstituere ei styringsgruppe. Det blei også føreslege arbeidsgrupper for dei mest sentrale problemstillingane i prosjektet.

## Prosjektaktivitet 2017

Den 9. mai 2017 hadde ei arbeidsgruppe for eit nytt villreinprosjekt i Setesdal-Austhei eit drøftingsmøte i Valle med relevante partar, om moglegheitene og behovet for eit nytt prosjekt. Tilstades var representantar både for villreinlag, villreinnemnd, store villreinkommunar, Fylkeskommunen i Aust-Agder, fylkesmannen, Miljødirektoratet, Norsk institutt for naturforskning, Norsk villreinsenter og Universitetet i Sørøst-Norge (den gong Høgskolen i Sørøst-Norge). Det blei orientert om bakgrunnen for eit nytt prosjekt, kva ein har lært i dei tidlegare prosjekta og kvifor ein igjen såg trongen for eit nytt villreinprosjekt. Deretter var det ein gjennomgang av kva behov dei ulike instansane såg for kapasitetsbygging og samarbeid i desse områda. Miljødirektoratet orienterte om aktuelle prosessar og prosjekt som arbeidet med Miljøkvalitetsnorm, Verdiskapingsprogrammet som baa delar er relevant i denne samanhengen. Spesielt blei det peika på potensialet i koplinga mellom eit nytt villreinprosjekt til Verdiskapingsprogrammet (noko som etter kvart kom på plass). Konklusjonen etter møtet var at det var ynskje om eit nytt prosjekt og at arbeidsgruppa skulle jobbe vidare med form, innhald og deltakarar (Vedlegg 1, referat drøftingsmøte).

Den 8. november 2017 sendte Norsk villreinsenter ut eit invitasjonsbrev i kvart av villreinområda om deltaking i nytt prosjekt, etter initiativ frå arbeidsgruppa med Fylkesmannen i Agder i spissen (den gong Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder). Invitasjonsbrevet, saman med prosjektskissa for kvart område, orienterte om bakgrunnen, målsettingar og planlagt organisering av prosjektet. Der var også oversyn over føreslege budsjett og finansiering, for ei ramme på totalt kr. 1.350.000,- for heile prosjektet i oppstartsåret 2018 (derav kr. 750.000,- i Setesdal-Austhei og kr. 500.000,- i Brattefjell-Vindeggen) (Vedlegg 2-5; invitasjonsbrev og prosjektskisser for kvart av områda).

## Prosjektaktivitet 2018

### Administrasjon og møteverksemd

Ein del tilsvar på invitasjonsbrevet frå november 2017 kom før nyttår, men ein god del av tilbakemeldingane kom ikkje før litt ut i 2018. På bakgrunn av tilbakemeldingane på deltaking og interessa for prosjektet, blei det invitert til konstituerande møte ved Norsk villreinsenter på Skinnarbu den 19.-20. mars 2018 (Vedlegg 6, referat konstituerande møte). Møtet hadde brei deltaking og starta med gjennomgang av bakgrunn og målsetting med det nye prosjektet. Vidare var det ein gjennomgang av forslag til styringsgruppe og arbeidsgrupper. Her blei det bestemt å midlertidig sette eit Interimstyre til å fungere i eit års tid. Dette då ikkje alle avklaringar knytt til finansiering eller løyve til merking av



villrein var endeleg på plass (sjå under). Interimstyret blei bestemt leia av initiativtakande Fylkesmann (i Agder), Per Ketil Omholt, og ein valde også å sette 4 ulike arbeidsgrupper for prosjektet. Alle deltakande instansar blei oppmoda om å koma attende med kva representant dei ynskte inn i kvar enkelt gruppe.

I tillegg til dette møtet, hadde ein i 2018 to informasjonsmøte om radiomerking i kvart av områda (31. januar på Lien Fjellgard og 1. februar på Bjåen turisthytte). Det var Roy Andersen frå NINA som var rundt og informerte og svarta på spørsmål frå både prosjektdeltakarar og andre.

Det blei også halde eit eige møte for arbeidsgruppa for Brattefjell-Vindeggen den 14. juni 2018, då dette området ikkje har hatt radiomerking før og slik sett hadde bruk for meir informasjon og arbeid med organisering og gjennomføring.

Arbeidsgruppa for beitebruk i skog med Universitet i Sørøst-Norge i spissen blei også så smått igangsett i 2018, då særleg ved at det blei tilsett ein PhD-stipendiat ved Instituttet for å jobbe nettopp med dette prosjektet. Ho blei også introdusert til det som finns av tilgjengeleg materiale p.t. og fekk dermed gå i gang med metodeutvikling for dei komande undersøkingane.

### Radiomerking og søknadar

I 2018 blei all instrumentering av villrein i Noreg utsett på bakgrunn av at ein i Nordfjella hadde nokre tilfelle av ising på klavane på dei instrumenterte dyra der, og desse måtte straks plukkast av eller tas ut. I påvente av avklaringar knytt til desse hendingane og utbetringar av materiell og metode, blei det ikkje søkt om- eller gjennomført merking av villrein i 2018, og dermed blei alt dette utsett til 2019.

NINA arbeidde gjennom heile 2018 med utbetringar av klavane og sendarane, samt metodikken elles før ny søknad om instrumentering i ulike villreinområde blei sendt Forsøksdyrutvalet (FdU) hjå Mattilsynet mot årsslutt 2018.

Nokre av tinga som blei justert var mellom anna at kvar klave fekk eit ekstra dropoff-punkt, i tillegg til den som alt sat knytt til batteriet. Dette då den opphaveleg dropoff-eininga ikkje fungerte under isingssituasjonar, då dette problemet i all hovudsak har vore lokalisert til batteriet. Det er også sett på endringar av overflatestoff på batteripakka som skal auke «slipp-effekten» under eventuell ising. I tillegg er det no lagt opp til endå strengare oppfølging av merka dyr i felt; med ettersyn minimum ei gong i månaden og kvar gong det har vore brå vèrskifte og temperaturendringar.

Etter alle desse utbetringane og gjennomgangane av metodikk, blei ny søknad om instrumentering godkjent på nyåret 2019. Parallelt arbeidde også prosjektleiinga med innhenting av løyver til motorferdsel i samband med instrumentering av villrein, både hjå offentlege instansar og hjå private grunneigarar.

## Økonomi

### Budsjett og søknad

I invitasjonsbrevet frå november 2017 var det føreslege ei økonomisk ramme på totalt kr. 1.365.000,- ved høgaste ambisjonsnivå i oppstartsåret 2018, fordelt med kr. 750.000,- for hovudprosjektet i Setesdal-Austhei (tabell 1) og kr. 515.000,- i delprosjektet Brattefjell-Vindeggen (tabell 2). For kvart av delområda føreslo ein ei fordeling mellom ulike lokale og relevante prosjektdeltakarar (tabell 1 og 2).

**Tabell 1: Oversyn over budsjett og forslag til finansiering for hovudprosjektet i Setesdal-Austhei i oppstartsåret 2018.**

Budsjett: kr. 750.000,-. Dekker merking og drift av inntil 7 GPS-sendarar i prosjektperioden, derav 3-4 med kamera, samt datainnsamling og administrasjon.			
Hovudgruppe:	Deltakar:	Finansielt bidrag:	Kommentar:
Kommunar –«store»: Totalt kr. 90 000	Bykle	30 000	«Stor» villreinkommune
	Tokke	30 000	«Stor» villreinkommune
	Valle	30 000	«Stor» villreinkommune
Kommunar –«små»: Totalt kr. 60 000	Fyresdal	15 000	«Liten» villreinkommune
	Bygland	15 000	«Liten» villreinkommune
	Vinje	15 000	«Liten» villreinkommune
	Åmli	15 000	«Liten» villreinkommune
Kraftregulantar og linjeeigarar: Totalt kr. 100 000	Statnett	50 000	Dobbel overføringslinje tvers igjennom villreinområdet langs Fv 45.
	Statkraft	25 000	Store reguleringar i nordområdet
	Arendalsvasdragets brukseierforening	15 000	Reguleringar i sørområdet
	Otteraaens brukseierforening	10 000	Regulering i sørområdet
Fylkesmenn: Totalt kr. 100 000	Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	50 000	
	Fylkesmannen i Telemark	50 000	
Fylkeskommunar: Totalt kr. 100 000	Fylkeskommunen i Aust-Agder	50 000	
	Fylkeskommunen i Telemark	50 000	
Andre bidragsytarar: Totalt kr 300 000	Statens Vegvesen	50 000	
	Heiplanen	100 000	
	Miljødirektoratet	150 000	
<b>SUM:</b>		<b>750 000</b>	

**Tabell 2: Oversyn over budsjett og forslag til finansiering for delprosjektet i Brattefjell-Vindeggen i oppstartsåret 2018.**

Budsjett: kr. 515.000,-. Dekker merking og drift av inntil 8 GPS-sendarar i prosjektperioden, derav 3-4 med kamera, samt datainnsamling og administrasjon.			
Hovudgruppe:	Deltakar:	Finansielt bidrag:	Kommentar:
Kommunar: Totalt kr. 100 000	Hjartdal	25 000	«Stor» villreinkommune
	Seljord	25 000	«Stor» villreinkommune
	Tinn	25 000	Reiselivskommune
	Vinje	25 000	Reiselivskommune
Rettighetshavarar og grunneigarar: Totalt kr. 110 000	Brattefjell-Vindeggen		
	Utmarks- og villreinutval	50 000	
	Hydro	20 000	
	Stordalen	20 000	
Kraftregulantar og linjeeigarar: Totalt kr. 200 000	Skagerak Kraft AS	100 000	Har alle dei store reguleringsmagasina i villreinområdet
	Statnett	50 000	Har dobbel overføringslinje gjennom dei viktigaste vinterbeiteområda i området
	Øst-Telemarkens Brugseierforening	50 000	Har stått for den største fragmenteringa av villreinområdet frå sitt opphavslege areal med Hardangervidda
Bestands- og verneområdeforvaltning: Totalt kr. 100 000	Villreinemnda for BV, Ble- og NFRF	35 000	
	Fylkesmannen i Telemark	35 000	
	Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde	35 000	
<b>SUM:</b>		<b>515 000</b>	

### Inntekter og bidragsytarar

Det var dessverre nokon av dei største av dei føreslegne bidragsytarane som ikkje ynskte å delta i prosjektet og som det også tok tid å få tilbakemelding frå. Dette gjorde at ambisjonsnivået i prosjektet måtte reduserast til vel halvparten av det føreslegne talet instrumenterte dyr. Mesteparten av midlane kom inn i 2018 og også nokon i 2019, som var gjeldande for 2018 (mellom anna frå Miljødirektoratet).

Totalt blei det løyvd kr. 902.600,- for oppstartsåret 2018, sjølv om ein del av dette ikkje kom inn før i 2019. Dette fordeler seg med kr. 525.000,- på hovudprosjektet i Setesdal-Austhei og kr. 377.600,- på delprosjektet i Brattefjell-Vindeggen (tabell 3).

**Tabell 3: Oversyn over kva dei som blei løyvd frå kvar enkelt bidragsytar i prosjektet i 2018. Dei som ikkje har noko tal under «løyvd» hadde ikkje svara på søknaden vedr. 2018.**

Bidragsytar Setesdal-Austhei:	Løyvd 2018
Bykle kommune	30 000
Tokke kommune	30 000
Valle kommune	30 000
Fyresdal kommune	15 000
Bygland kommune	15000
Vinje kommune	15000
Åmli kommune	15000
Statnett	0
Statkraft	25000
Agder Energi Produksjon	0
Otteraaens Brugseierforening	0
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	50000
Fylkesmannen i Telemark	50000
Aust-Agder Fylkeskommune	50000
Telemark fylkeskommune	50000
Statens Vegvesen	0
Heiplanen	
Miljødirektoratet	150000
Villreinnemnda for Setesdalsområdet via FMAV	0
<b>SUM Setesdal Austhei:</b>	<b>525 000</b>

Bidragsytar Brattefjell-Vindeggen:	Løyvd 2018
Hjartdal kommune	
Seljord kommune	25 000
Tinn kommune	25 000
Vinje kommune	25 000
Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og villreinutval	10 000
Tinn Villreinlag	10 000
SCI Nordic Safari Club Chapter	20 000
Hydro	20 000
Stordalen	20 000
Bossbøen Jagtselskab	0
Skagerak Kraft AS	50 000
Statnett	0
Øst-Telemarkens Brugseierforening	50 000
Villreinnemnda for BV, Ble- og NFRF	37 600
Fylkesmannen i Telemark	50 000
Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde	35 000
<b>SUM Brattefjell-Vindeggen:</b>	<b>377 600</b>
<b>SUM TOTALT:</b>	<b>902 600</b>

Ved gjennomgang av prosjektrekneskapet ved NINA ved årsslutt 2018, var det likevel ein stor del av midlane som mangla på konto. Det var bare kr. 117.600,- totalt som var innbetalt, medan det var fakturert for tilsaman kr. 682.600,- (tabell 4 og 5). Når det gjeld Miljødirektoratet sitt bidrag blei dette innbetala samla i 2019, for både 2018 og 2019.

Dette har nok utjamna seg gjennom at mange av innbetalingane ikkje kom før i 2019 og dette vil bli nærare opplyst i Årsmeldinga for 2019 som kjem i 2020.

## Utgifter

Når det gjeld utgiftene i prosjektet i 2018 var desse i hovudsak knytt til innkjøp av radiosendarar, samt timekostnadar. Ved utgangen av 2018 var dei totale kostnadane i prosjektet kr. 293.434,-, fordelt med kr. 154.860,- på hovudprosjektet i Setesdal-Austhei og kr 138.574,- på delprosjektet i Brattefjell-Vindeggen. Differansen mellom inntektene

(fakturert) og utgiftene i prosjektet i 2018 var på kr. 150.140,- for hovedprosjektet i Setesdal-Austhei og kr. 239.026,- i delprosjektet i Brattefjell-Vindeggen. Denne potten (totalt kr. 389.166,-) blei overført til 2019.

**Tabell 4: Oversyn over kva aktørar i hovudprosjektet i Setesdal-Austhei som var fakturert ved utgangen av 2018 og utgifter same år.**

Bygland Kommune	15 000
Valle Kommune	30 000
Fylkesmannen i Telemark - bruk kundenr 301008	50 000
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	50 000
Aust-Agder Fylkeskommune	50 000
Bykle kommune	30 000
Vinje Kommune	15 000
Telemark Fylkeskommune	50 000
Åmli kommune	15 000
<b>SUM Inntekt</b>	<b>305 000</b>
<b>Direkte prosjektkostnader:</b>	
Anskaffelser	103 317
Eksterne tjenester	1 148
Reise- og møtekostnader	6 396
<b>Sum dir. prosjektkostnader</b>	<b>110 860</b>
<b>Sum timekostnader</b>	<b>44 000</b>
<b>Sum prosjektkostnader</b>	<b>154 860</b>
<b>Navn</b>	<b>Antall</b>
Strand, Olav	17,0
Andersen, Roy	19,0
Sum timer	36,0
<b>Balanse overført til 2019:</b>	<b>150 140</b>

**Tabell 5: Oversyn over kva aktørar i delprosjektet Brattefjell-Vindeggen som var fakturert ved utgangen av 2018 og utgifter same år.**

<b>Inntekter</b>	
Hydro Energi AS	20 000
Fylkesmannen i Telemark	50 000
Fylkesmannen i Agder	0
Tinn kommune	25 000
Vinje Kommune	25 000
Skagerak Kraft AS	50 000
Seljord kommune	25 000
Brattefjell-Vindeggen Verneområdestyre	35 000
Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og Villreinutval	10 000
Tinn villreinlag	10 000
a/s Sneislia	20 000
SCI Nordic Safari Club Chapter	20 000
Overføring frå 2017	87 600
<b>SUM Inntekt</b>	<b>377 600</b>
<b>Direkte prosjektkostnader:</b>	
Anskaffelser/Utstyr	103 308
Eksterne tjenester	16 091
Reise- og møtekostnader	2 826
<b>Sum dir. prosjektkostnader</b>	<b>122 224</b>
<b>Sum timekostnader</b>	<b>16 350</b>
<b>Sum prosjektkostnader</b>	<b>138 574</b>
<b>Navn</b>	<b>Antall</b>
Andersen, Roy	15,0
Sum timer	15,0
<b>Balanse overført til 2019:</b>	<b>239 026</b>

### Oppsummering:


Dei to delprosjekta tok med seg tilsaman kr. 389.166 av løyvde midlar inn i 2019. Økonomistatus elles for 2019 med utgifter til merkinga osv. vil bli omtalt i årsmelding for 2019 som kjem i 2020.

## Merking og datainnsamling 2019

Løyvet til instrumentering av villrein også til dette prosjektet kom frå Mattilsynet til NINA 18. februar 2019. Ein måned seinare, den 19. mars blei det merka totalt 8 dyr i prosjektet; 4 i kvart av områda, derav ein med kamera i kvart av områda. Det var Roy Andersen frå NINA som organiserte og leia arbeidet saman med veterinær medan dei lokale villreinutvala hadde med ein representant kvar. Det er satt på satellitt-sendarar (Iridium) på alle unntatt dei 2 som ber kamera; desse sender GPS-posisjon over GSM-nettet. Dei to sistnemte vil også bli droppa av etter ca eitt år, som følge av kortare levetid på batteriet når ein nyttar kamera. Desse sendarane fungerer slik at kvar gong det blir sendt ein GPS-posisjon, tas det ein filmsnutt på nokon sekundar med kameraet. Alle sendarane registrerer GPS-posisjon på dyret kvar 3. time, men dette tidsintervallet kan justerast dersom dyra går inn i områder eller tidsperiodar ein ynskjer seg hyppigare data.


På Austheia såg ein at dei merka dyra nesten med ei gong satte kursen sørover frå nordområda der dei blei merka og ned mot Fv45. Etter bare ei veke hadde den fyrste av simlene trekt over vegen. Dei tre andre kom gradvis etter litt seinare på våren (figur 1).

**Figur 1:** Utsnitt frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) ei veke etter instrumentering av 4 simler i Setesdal-Austhei. Dei grå firkantane indikerer kvar fyrste posisjon er avgitt og dei lilla markørane viser siste posisjon i angitt tidsintervall.



I Brattefjell-Vindeggen spreidde dei merkte dyra seg ut over store delar av vinterbeiteområdet, men 3 av dei fann etter kvart saman og var delvis å finne i same flokkane i tida etter dette (figur 2). Det blei gjennomført ettersyn av alle sendarane i etterkant av merkinga og frametter vinteren.

**Figur 2:** Utsnitt frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) ei veke etter instrumentering av 4 simler i Brattefjell-Vindeggen. Dei grå firkantane indikerer kvar fyrste posisjon er avgitt og dei lilla markørane viser siste posisjon i angitt tidsintervall.



## Aktivitet 2019

Det blei gjennomført eit nytt møte i Interimstyret for prosjektet i Bykle den 13. februar 2019. Der blei det gjennomgått status for økonomi, arbeidet med beiteunderskingar i regi av PhD-stipendiat ved USN, Marijanne Holtan, status merkeløyve og planlagt aktivitet i 2019. I tillegg konstituerte Interimstyret ei styringsgruppe, der Fylkesmannen i Vestfold og Telemark ved Elisabet Rui, blei valt som leiar (tabell 6).



**Tabell 6: Styringsgruppa for GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Austhei og Brattefjell-Vindeggen 2018-2022.**

Instans:	Representant:
<b>Prosjektstøtte:</b>	
NINA	Olav Strand (fagleg leiar)
Norsk Villreinsenter Sør	Lena Romtveit/Anders Mossing (sekretariat)
Miljødirektoratet (Observatør)	Vemund Jaren
Universitetet i Sørøst-Norge	Jan Heggenes
Universitetet i Sørøst-Norge	Marijanne Holtan
<b>Deltakarar:</b>	
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark	Elisabet Rui -leiar
Fylkesmannen i Agder	Per Ketil Omholt
Aust-Agder Fylkeskommune	Øystein Kristensen
SNO	Peter Hermanssen
Villreinnemnda for Setesdalsområdet	Margit Smeland (vara Bertin Bjåen)
Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og	Jon Svartdal
Setesdal-Austhei Villreinlag	Svein Ekre
Setesdal-Austhei Villreinlag	Torleif Homme
Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og Villreinutval	Espen Dyrud
Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og Villreinutval	Gudmund Dyrland
Tinn Villreinlag	Håvard Vaagen
Verneområdestyret Brattefjell-Vindeggen	Steinar Bergsland
Vassdragsregulantarane/Statnett	Jostein Kristiansen
Kommunane Setesdal-Austhei	Kristian Kvaalen-Herregården
Kommunane Brattefjell-Vindeggen	Torunn Raftevoll-Rue
DNT	Bjørn Andersen-Steinsland
FNF	Ny representant

Dei reviderte også dei ulike arbeidsgruppene og aktuelle deltakarar i desse (tabell 7-9) og konkluderte med å slå saman to av arbeidsgruppene til ei, til å omhandle både ferdsel og Bjørnevatn under eitt.

**Tabell 7: Samansettinga av arbeidsgruppe 1) Beite og bruk av skog, i GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Austhei og Brattefjell-Vindeggen 2018-2022.**

Instans:	Representant:	Finansiering per år:
NINA	Olav Strand	Fagleg leiing
NVS	Lena Romtveit	Sekretariat
Høgskolen i Sørøst-Norge	Jan Heggenes	PhD og beiteundersøkingar
Høgskolen i Sørøst-Norge	PhD-stipendiat	PhD og beiteundersøkingar
Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og	Håvard Vaagen	
Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og	Ingrid Flatland	

NVS RAPPORT 26/2019

Setesdal-Austhei Villreinlag	Svein Ekre	
Setesdal-Austhei Villreinlag	Øystein Romtveit	

**Tabell 8: Samansettinga av arbeidsgruppe 2) Børnevattn og ferdsel, i GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Austhei og Brattefjell-Vindeggen 2018-2022.**

Instans:	Representant:	Finansiering per år:
NINA	Olav Strand og Vegard Gundersen	Fagleg leiing
NVS	Lena Romtveit	Sekretariat
<b>Fylkesmannen i Agder</b>	Bjørn Loland	
<b>Innleigd ressurs?</b>	Tor Punsvik?	
<b>Fylkesmannen i Vestfold og</b>	Sigurd Lenes	
<b>Aust-Agder Fylkeskommune</b>	Øystein Kristensen	
<b>Villreinnemnda for</b>	Tommy Vatslid	
<b>Valle kommune</b>	Steinar Kyrvestad	
<b>Tokke kommune</b>	Per Wraa	
<b>Bykle kommune</b>	Kristian Kvaalen Herregården	
<b>Vinje kommune</b>	Lasse Mathisen?	
<b>Åmli kommune</b>	Olav Vehus	
<b>Fyresdal kommune</b>	Aslak Momrak-Haugen	
<b>Bygland kommune</b>	Inge Olav Fjalestad	
<b>SNO</b>	Peter Hermansen	
<b>DNT Sør</b>	Bjørn Andersen-Steinsland	
<b>NJFF Aust-Agder</b>	Olav Schrøder	
<b>Setesdal-Austhei Villreinlag</b>	Torleif Homme	
<b>Brattefjell-Vindeggen villreinlag</b>	(kjem ev. med etter kvart)	
<b>Statens vegvesen?</b>	Arne Heggland	
<b>USN?</b>	Rep. frå Institutt for idrett og	

**Tabell 9: Samansettinga av arbeidsgruppe 3) Brattefjell-Vindeggen, i GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Austhei og Brattefjell-Vindeggen 2018-2022.**

Instans:	Representant:	Finansiering per år:
NINA	Olav Strand	Fagleg leiing
NVS	Lena Romtveit	Sekretariat
<b>Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og</b>	Espen Dyrud	
<b>Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og</b>	Gudmund Dyrland	
<b>Tinn Villreinlag</b>	Håvard Vaagen	
<b>Seljord Villreinlag</b>		
<b>Vinje Villreinlag</b>	Egil Fundlid	
<b>Hjartdal villreinlag</b>		
<b>Seljord kommune</b>	Torunn Raftevoll	

Vinje kommune	Lasse Mathisen ?	
Tinn kommune	Bjørn Bjørnsen	
Hjartdal kommune		
Verneområdestyret for Brattefjell-	Peter Köller	
Verneområdestyret for Brattefjell-	Steinar Bergsland	
SNO	Morten Elgaaen	
Grunneigar-representant andre	?	
Skagerak Kraft AS	Magne Wraa	
ØTB	Nicolai Østhus	

### Oppfølging av merka dyr i felt

Jamfør oppdaterte retningslinjer for instrumenterte villrein i NINAs regi, vil alle dei merka dyra følgast opp i felt minst ei gong i månaden og etter kvar gong det er brå ver-/temperaturskifte i fjellet, i perioden desember-april. Den eine av satellittsendarane i Brattefjell-Vindeggen har ikkje sendt posisjonar etter 9. mai. Simla er likevel dokumentert i live under villreinutvalets kalveteljingar 21. juni. Ein vil difor prøve å droppe denne sendaren samstundes som ein skal droppe GSM-sendaren med kamera komande vinter. Dette er eit arbeid som krev gode sikt- og sporforhold og anledning til å sjå heile dyret under dropping, samt å finne att sendaren oppå bakken. Når desse to sendarane er droppa vil det berre vera att 2 sendarar i drift i Brattefjell-Vindeggen, så sant ein ikkje vel å merke fleire dyr. Dette vil vera eit sentralt tema for prosjektleiinga og styringsgruppa i tida framover.

### Datainnsamling og analysar

I 2019 vil arbeidet i det overbyggande prosjektet med å sjå på reinens bruk av skogsareal og beitepreferansar i skog, i stor grad dreie seg om å tilrettelegge metodikk og gjennomgå eksisterande videomateriale frå kamerasendarar frå andre områder. Så snart ein har fått droppa og samla innsendarane med kamera på i desse to områda, skal også desse tappast for data og analysane på dette materialet begynnast på. Dette vil truleg ikkje skje før på nyåret 2020.

### Arbeidet i arbeidsgruppene

Arbeidsgruppa for beite og skogsbruk vil naturleg følgje opp med møte etter kvart som forskingsarbeidet går framover. Arbeidsgruppa for Børnevatn og ferdsel gå i gang for fullt med eit møte i september. Koplinga opp mot arbeidet i Verdiskapingsprosjektet i SVR, då særleg delprosjektet med adaptiv løypeforvaltning i Bykle, vil vera viktig her. Det vil også vera naturleg å samle arbeidsgruppa for Brattefjell-Vindeggen i løpet av hausten 2019, for å drøfte prosjektet og aktuelle problemstillingar så langt.

## Søknad 2019

Den 15. januar 2019 blei det sendt ut ny søknad til bidragsytarane i hovudprosjektet i Setesdal-Austhei, om totalt kr. 625.000,- (tabell 10). Dette er kr. 125.000,- meir enn opphavelig budsjettert for 2019, som følge av manglande fullfinansiering i 2018 (vedlegg 7, søknad 2019). Då ein ved prosjektstart valde å legge dei løpande driftskostnadane i prosjektet til hovudprosjektet i Setesdal-Austhei, som har mest omfattande arbeidsgrupper og også er utgangspunktet for prosjektet, vel ein ikkje i denne omgang å søke meir midlar frå ei lokale bidragsytarane rundt Brattefjell-Vindeggen. Dette vil ein likevel måtte koma attende til etter kvart som prosjektet går framover og ein nærmar seg store utgiftspostar som analyser og rapportering.

**Tabell 10: Oversyn over fordelinga av omsøkte bidrag frå dei ulike bidragsytarane i hovudprosjektet, i søknaden av 15. januar 2019 (vedlegg 7). Merk at der er ein feil i overskrifta der samla sum er sagt at er 500.000,-, medan rett sum skal vera kr. 625.000,-.**

<b>Budsjett: kr. 500.000,-. Dekker merking (med bruk av 2018-midler) og drift av prosjektet, samt datainnsamling og administrasjon.</b>			
Hovudgruppe:	Deltakar:	Finansielt bidrag:	Kommentar:
<b>Kommunar –«store»:</b> Totalt kr. 90 000	Bykle	30 000	«Stor» villreinkommune
	Tokke	30 000	«Stor» villreinkommune
	Valle	30 000	«Stor» villreinkommune
<b>Kommunar –«små»:</b> Totalt kr. 60 000	Fyresdal	15 000	«Liten» villreinkommune
	Bygland	15 000	«Liten» villreinkommune
	Vinje	15 000	«Liten» villreinkommune
	Åmli	15 000	«Liten» villreinkommune
<b>Fylkesmenn:</b> Totalt kr. 100 000	Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	50 000	
	Fylkesmannen i Telemark	50 000	
<b>Fylkeskommunar:</b> Totalt kr. 100 000	Fylkeskommunen i Aust-Agder	50 000	
	Fylkeskommunen i Telemark	50 000	
<b>Andre bidragsytare:</b> Totalt kr 275 000	Statkraft	25 000	
	Heiplanen	100 000	
	Miljødirektoratet	150 000	
<b>SUM:</b>		<b>625 000</b>	

Prosjektleiinga takkar for samarbeidet i prosjektet så langt og ser fram til lærerike år i tida som kjem!

Skinnarbu 19.12.19, Lena Romtveit

## Vedlegg

Vedlegg 1) Referat drøftingsmøte nytt prosjekt 2017

Vedlegg 2) Invitasjonsbrev deltaking nytt prosjekt Setesdal-Austhei

Vedlegg 3) Invitasjonsbrev deltaking nytt prosjekt Brattefjell-Vindeggen

Vedlegg 4) Prosjektskisse nytt villreinprosjekt i Setesdal-Austhei

Vedlegg 5) Prosjektskisse nytt villreinprosjekt i Brattefjell-Vindeggen

Vedlegg 6) Referat konstituerande møte 2018

Vedlegg 7) Søknad 2019



**Norsk villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 91 62 37 15 | E-post: [post.nord@villrein.no](mailto:post.nord@villrein.no)  
**Norsk villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 99 46 37 64 | E-post: [post.sor@villrein.no](mailto:post.sor@villrein.no)  
Stiftelsen Norsk villreinsenter: NO-2661 Hjerkin

Org.nr: NO 990 697 809 MVA